

Fra: Guri Finne Sognnæs[Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no]  
Sendt: 09.11.2021 08:27:54  
Til: Gaute Lund;Post[gaute@idrift.no;post@kvinnherad.kommune.no]  
Tittel: SV: Oppført mur utanfor byggegrensa ved gnr. 95 bnr. 131 i Kvinnherad kommune

---

Hei igjen

Då er me samde i saka.

Med helsing

**Guri Finne Sognnæs**

Infrastruktur og veg  
Forvaltning Vestland



Tlf: 91576451  
[www.vlfk.no](http://www.vlfk.no)

---

**Fra:** Gaute Lund <gaute@idrift.no>  
**Sendt:** onsdag 3. november 2021 11:32  
**Til:** Guri Finne Sognnæs <Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no>; Kvinnherad kommune <post@kvinnherad.kommune.no>  
**Emne:** SV: Oppført mur utanfor byggegrensa ved gnr. 95 bnr. 131 i Kvinnherad kommune

Hei,

Eg *trur* vi er einige, altså. Eg skreiv ikkje at *saka* er avklara, men at «denne diskusjonen (mellom meg og deg) er avslutta, med mindre vi høyrer noko meir». Men vi skal altså presumptivt søka dispensasjon, og då i dialog med byggesaksavdelinga i kommunen. Så eg oppfattar det som at eg og deg skriv det same her.

Dersom det er rett forstått, så tek vi det vidare med kommunen.

Med venleg helsing  
Gaute Lund  
Lundshagen Eiendom AS

---

**Frå:** Guri Finne Sognnæs <[Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no](mailto:Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no)>

**Send:** onsdag 3. november 2021 09:12

**Til:** Gaute Lund <[gaute@idrift.no](mailto:gaute@idrift.no)>; Kvinnherad kommune <[post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)>

**Emne:** SV: Oppført mur utanfor byggegrensa ved gnr. 95 bnr. 131 i Kvinnherad kommune

Hei

Me kan ikkje konkludere med at denne saka er avklara no. Du må gå i dialog med plan- og byggesaksavdelinga i kommunen for å avklare korleis saka skal handterast vidare. Både med omsyn til det som er bygd og skal byggast. Me forutset at fylkesvegen og sidearealet (muren) vert ivareteke i kommunen sitt vidare arbeid med saka.

Med helsing

**Guri Finne Sognnæs**

Infrastruktur og veg  
Forvaltning Vestland



Tlf: 91576451

[www.vlfk.no](http://www.vlfk.no)

---

**Fra:** Gaute Lund <[gaute@idrift.no](mailto:gaute@idrift.no)>

**Sendt:** tirsdag 2. november 2021 21:13

**Til:** Guri Finne Sognnæs <[Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no](mailto:Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no)>; Kvinnherad kommune <[post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)>; Jarle Tvilde <[Jarle.Tvilde@vlfk.no](mailto:Jarle.Tvilde@vlfk.no)>

**Emne:** SV: Oppført mur utanfor byggegrensa ved gnr. 95 bnr. 131 i Kvinnherad kommune

Hei,

Eg har ikkje høyrte noko meir om momenta i eposten nedanfor. Vi vil då sjå på det som at dei i hovudsak er avklarte.

Som før sagt og skrive, når det gjeld kvalitetssikring av dei murane som alt er satt opp, så avventar vi evt. utspel frå VLFK om dette.

Men uansett vil vi, som diskutert, snart senda dispensasjonssøknad og då senda nabovarsel til VLFK på vanleg måte, og kanskje spørsmålet om å få dokumentert utføringa av murane bli besvart der?

Vi ser då på denne diskusjonen som avslutta, med mindre vi høyrer noko meir, og så sender vi disp. søknad og nabovarsel på vanleg måte.

Med venleg helsing  
Gaute Lund  
Lundshagen Eiendom AS

---

**Frå:** Gaute Lund <[gaute@idrift.no](mailto:gaute@idrift.no)>

**Send:** torsdag 21. oktober 2021 20:51

**Til:** Guri Finne Sognnæs <[Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no](mailto:Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no)>; Kvinnherad kommune  
<[post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)>

**Emne:** SV: Oppført mur utanfor byggegrensa ved gnr. 95 bnr. 131 i Kvinnherad kommune

Hei igjen,

Og takk for hyggjeleg og dels oppklarande telefonsamtale. Eg fekk altså forklart at vi har ansett at desse murane er noko vi set opp etter avtale med kommunen, og eigentleg på kommunen sine vegne. Kommunen har ikkje opplyst om at dei skulle i så måte vera søknadspliktige.

At vi har ein diskusjon med kommunen om den kompensasjonen kommunen skal betala for dette arbeidet er sjølvstund fylkeskommunen uvedkomande. Dette er forståeleg Men: dette ser ut som fylkeskommunen er misnøgd med korleis kommunen har handtert bygging av desse murane *før* fylkeskommunen overtok som grunn- og vegeigar. Ein slik motsetnad mellom kommunen og fylkeskommunen om korleis prosjektet og forholdet til desse murane har vore handtert, er heilt Lundshagen Eiendom heilt uvedkomande. Dette, spørsmål om korleis bygginga av dei *eksisterande* murane som *er* oppført på 95/130 og 95/131 har vore handtert, ber vi om at i første omgang vert avklart mellom fylkeskommunen og kommunen.

Det viktigaste som vart avklart i samtalen er at **fylkeskommunen ønsker å sikra kvaliteten på dei murane som allereie er ført opp**. Dette vil vi sjølvstund bidra til. Vi var på telefonen einige om at utspelet i så måte ligg hos fylkeskommunen.

Vidare sa du at som ny vegeigar vil fylkeskommunen no at det skal **søkast og nabovarslast** om dei murane som skal byggjast langs 95/132 til og med 95/136. I så måte vil vi forholde oss til Kvinnherad kommune, og ved eventuell søknad nabovarsla VFLK på vanleg måte. Dei murane som alt er bygd på 95/130 og 95/131 vert fullført.

(Eg ville verifisera heimel til veggrunnen, men fann ikkje noko tinglyst? Dette kan vel vera mine kunnskarar som ikkje strekk til, men skjermbilete til SeEiendom.)

Eg tek atterhald om at eg er ikkje rukke å konsultera plan- og søknadsfagleg kompetanse, eller juridisk, så viss det er noko feil i det eg skriv her så får eg retta opp dette når eg får drøfta med dei som i motsetnad til meg forstår seg på dette. Men det ovanfor er slik eg oppfatta samtalen vår.

4617-95/88

KVINNHERAD KOMMUNE

## Informasjon fra grunnboken

Se hva som er tinglyst på eiendommen [?](#)

Eiendommen er ikke tinglyst. Grunnboksutskrift for eiendommen er derfor ikke tilgjengelig.

Med vennlig hilsen

Gaute Lund  
Senior IT-konsulent  
+47 970 08 200  
[serit.no](http://serit.no)



Denne e-posten er bare ment for den personen, institusjonen eller bedriften den er sendt til, og kan inneholde sensitiv informasjon. Dersom e-posten er sendt til deg ved en feil, ber vi om at du straks informerer avsender og sletter e-posten og ev. vedlegg. All bruk av informasjon er i tilfelle ulovlig.

This e-mail and any attachment are confidential and may be privileged or otherwise protected from disclosure. It is solely intended for the person(s) named above. If you are not the intended recipient, any reading, use, disclosure, copying or distribution of all or parts of this e-mail or associated attachments is strictly prohibited. If you are not an intended recipient, please notify the sender immediately by replying to this message or by telephone and delete this e-mail and any attachments permanently from your system

---

**Frå:** Gaute Lund <[gaute@idrift.no](mailto:gaute@idrift.no)>

**Send:** torsdag 21. oktober 2021 14:51

**Til:** Guri Finne Sognnæs <[Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no](mailto:Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no)>; Kvinnherad kommune <[post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)>

**Emne:** SV: Oppført mur utanfor byggegrensa ved gnr. 95 bnr. 131 i Kvinnherad kommune

Hei,

Eg er berre ein amatør her, så beklagar viss eg seier noko feil. Og beklagar om vi har *gjort* noko feil.

Vi har oppfatta dette som at tiltaket er omsøkt og godkjent i saka «Ettrinnsløyve teknisk anlegg Lundshagen hyttefelt - 95/50 – Dimmelsvik», september 2017, derunder tomeplanering. Den gang var jo ikkje vegen der og fylkeskommunen var ikkje grunneigar. Eg har ikkje kommunen sitt saksnr. for handa, men vedlagt er teikninga for tomteplaneringa. Saka er nok lett å finna att.

Då vegen vart bygd vart det murt framom 95/58 og 95/21. Det vart også fjerna veldig mykje massar på våre tomter slik at skjeringstoppen vart lav og tomtene ville måtte ha meir mur for å kunna bli i det heile brukande. Vi kontakta då kommunen som tiltakshavar og opplyste om at vi føresette at dei sette våre tomter i stand slik dei hadde gjort med /58 og /21, med mur og planering. Dette såg vi som ein opplagt del av sjølve vegprosjektet, som vi igjen antar kommunen har søkt om. Det vart då gjort ein avtale med kommunen at vi skulle setja opp mur når vi planerte tomtene ihht løyve av september 2017, og kommunen skulle kompensera oss or kostnaden med å setja opp den muren som er etter vårt syn ein del av bygginga av vegen. Vi har sidan 2017-2018 purra kommunen om og om igjen om å få avklart og utbetalt denne kompensasjonen.

Først ho, i oktober 2021, fekk vi til eit møte med kommunen om mur og kompensasjon. I samband med dette skal vi faktisk no på måndag ha synfaring på området for å kunna betre drøfta desse spørsmåla. Eg har oppfatta frå kommunen at dei kunne ynskja dykk involvert i diskusjonen om mur, så det er jo absolutt beleileg at de kjem på banen nett no, tilfeldigvis akkurat når vi skal drøfta forholda omkring denne muren! Eg antar gjerne Eining for veg og park like gjerne vil ha dykk med i diskusjonen vidare.

Dersom vi skulle ha søkt spesifikt for å setja opp denne muren, ut over det vi gjorde i 2017, så hadde vi jo kanskje antatt at kommunen v/t.d. Eining for veg og park hadde gjort merksam på dette i den korrespondansen vi har dei siste 3-4 åra for å avklart kompensasjonen. Så i første omgang antar vi at vi *har* søkt og fått løyve, men at saka er at fylkeskommunen ikkje var part den gongen. Våre konsulentar på plan, søknad og regulering, Gøtz AS, som også har laga den gjeldande reguleringsplanen, har heller ikkje sagt noko om at vi burde søka på nytt om muren, så eg antar at heller ikkje dei meinte slik eigen søknad var naudsynt. (Utan at eg no har drøfta spørsmålet spesifikt med dei i dag.) Dersom dette er feil så avventar eg tilbakemelding og informasjon om korleis vi saman då skal forholde oss til spørsmålet om søknad og mur.

Med venleg helsing  
Gaute Lund  
Lundshagen Eiendom AS

---

**Frå:** Guri Finne Sognnæs <[Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no](mailto:Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no)>

**Send:** torsdag 21. oktober 2021 14:21

**Til:** Kvinnherad kommune <[post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)>; Gaute Lund <[gaute@idrift.no](mailto:gaute@idrift.no)>

**Emne:** Oppført mur utanfor byggegrensa ved gnr. 95 bnr. 131 i Kvinnherad kommune

Hei

19. oktober var Vestland fylkeskommune, ved avdeling for infrastruktur og veg, på synfaring med Kvinnherad kommune langs fv. 500 ved Lundsneset.

På oppsida av fv. 500, ved gnr. 95 bnr. 131, blei det observert ein nyoppført mur over vegskjeringa. Etter nærare undersøkingar kan det sjå ut som muren er bygd utanfor byggegrensa og for nært fv. 500. Me kan ikkje sjå at me er nabovarsla eller at det er søkt om dispensasjon i frå byggegrensa i gjeldande reguleringsplan «Lundshagen-95/50m.fl.» planid. 20080007. Me er generelt skeptiske til murar som vert bygd tett på fylkesvegane og tilhøyrande gang- og sykkelveg, og me ynskjer ved slike høve å uttale oss i forkant av ein evt. oppføring av mur utanfor byggegrensa.

Med helsing

**Guri Finne Sognnæs**

Infrastruktur og veg  
Forvaltning Vestland



Tlf: 91576451

[https://url10.mailanyone.net/v1/?m=1mdX48-00015u-5l&i=57e1b682&c=o2mZN3QH7UgvE\\_ExfAi9iqG5KSReINbiNLjlsv4AlxuHtMGnSmZ87TimCtAXs4MA-2yUkpMFWmH8ZtxpvdTYOVGuFz9gHAJqv2\\_F9ThBNggVtSTiCVLIT3qttGzWDI4iNZtoJNX2ERfHWps5dDzfULk2iu63wwaM3GDagGb-sFJG-q7mayOfRZWg3TA4HqJLEWrN0tNWChKtK0Zj4TPhg](https://url10.mailanyone.net/v1/?m=1mdX48-00015u-5l&i=57e1b682&c=o2mZN3QH7UgvE_ExfAi9iqG5KSReINbiNLjlsv4AlxuHtMGnSmZ87TimCtAXs4MA-2yUkpMFWmH8ZtxpvdTYOVGuFz9gHAJqv2_F9ThBNggVtSTiCVLIT3qttGzWDI4iNZtoJNX2ERfHWps5dDzfULk2iu63wwaM3GDagGb-sFJG-q7mayOfRZWg3TA4HqJLEWrN0tNWChKtK0Zj4TPhg)